



PROTOKOLL FRÅ GENERALFORSAMLING

I OPERO

23. april 2014 kl. 12:00 – 12:30 i Opero sine lokalar på Heiane, Stord.

Styreleiar Arnulf Ingvaldsen opna generalforsamlinga og ynskte eigarar og styret vel møtt.

Innkallinga vart godkjent.

Fylgjande eigarar var møtt fram med fullmakter:

<i>Stord Kommune</i>	492	<i>aksjar</i>	<i>Liv Kari Eskeland</i>
<i>Bømlo Kommune</i>	338	"	<i>Odd Harald Hovland</i>
<i>Hordaland fylkeskommune</i>	292	"	<i>Dan Femoen</i>
<i>Fitjar Kommune</i>	106	"	<i>Wenche Tislevoll</i>

1228 aksjar av 1755 var representert.

Frå styret møtte styreleiar Arnulf Ingvaldsen, styremedlemmer; Siren Eldøy Hinderaker, Svein Lunde, Sissel K. Gravdal og Tore Atle Humlevik og adm. direktør Birte Nilsen.

Til møteleiar vart valt Arnulf Ingvaldsen og skrivar Birte Nilsen.

Til å skriva under protokollen (saman med møteleiar): Liv Kari Eskeland.

Sak 1.0 **Årsoppgjer 2013.**
Årsmelding; Godkjent.
Resultatrekneskap; Godkjent.
Balanse; Godkjent.
Revisor si melding vart teken til etterretning.

Sak 2.0 **Val av revisor.**
Revisor for 2013 BDO AS; Vedteke.



Sak 3.0 Fastsetjing av honorar for 2013.

Revisorhonorar Kr. 75.611,-; Godkjent.

Styrehonorar; Styret sitt forslag:

Forslag: Styreleiar: kr. 34.500,- pr. år + møtegodtgjersle
 Nestleiar: kr. 17.000,- pr. år + møtegodtgjersle
 Styremedlem; kr. 4.000,- pr. møte

Forslaga samrøystes vedteke.

Sak 4.0 Val av nytt styre.

Valkomiteen har vore; Stord kommune
 Bømlo kommune
 Hordaland Fylkeskommune

Forslag;

<i>Styreleiar</i>	<i>Arnulf Ingvalsen</i>	- <i>Bømlo</i>
<i>Styremedlem</i>	<i>Benthe Bondhus</i>	- <i>Kvinnherad</i>
<i>Styremedlem</i>	<i>Svein Lunde</i>	- <i>Fitjar</i>
<i>2. Vara medlem</i>	<i>Else Berit Helle</i>	- <i>Stord</i>
<i>3. Vara medlem</i>	<i>Ragna Flotve</i>	- <i>Os</i>

Etter valet er styret samansett slik;

<i>Styreleiar</i>	<i>Arnulf Ingvaldsen</i>	- <i>Bømlo</i>	<i>2 år</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>Benthe Bondhus</i>	- <i>Kvinnherad</i>	<i>2 år</i>
<i>Styremedlem</i>	<i>Svein Lunde</i>	- <i>Fitjar</i>	<i>2 år</i>
<i>Styremedlem</i>	<i>Siren E. Hinderaker</i>	- <i>Stord</i>	<i>1 år</i>
<i>Styremedlem</i>	<i>Tore Atle Humlevik</i>	- <i>Tysnes</i>	<i>1 år</i>
<i>Tilsette sin repr.</i>	<i>Sissel K. Gravdal</i>	- <i>Stord</i>	<i>Tilsette vel</i>
<i>1. Vara medlem</i>	<i>Robert Halleraker</i>	- <i>Bømlo</i>	<i>1 år</i>
<i>2. Vara medlem</i>	<i>Else Berit Helle</i>	- <i>Stord</i>	<i>2 år</i>
<i>3. Vara medlem</i>	<i>Ragna Flotve</i>	- <i>Sveio</i>	<i>2 år</i>
<i>Vara medlem tilsette</i>	<i>Andrew Waage</i>	- <i>Stord</i>	<i>Tilsette vel</i>

Valnemnd; Fylkesordførar og ordførarane i Bømlo kommune og Stord kommune utgjer valkomité. Ordføraren i Stord kommune har ansvar for at komiteen vert kalla saman.

Valnemnda oppmoda om styreevaluering i forkant av val.



Generalforsamlinga ynskjer at valnemnda har fokus på kompetanse, geografisk fordeling og kjønnsbalanse i samansetjinga av styret. Det må ikkje berre leggjast vekt på politisk bakgrunn. Det er sterkt ønskjeleg å knyta til seg styremedlemer med erfaring og kompetanse frå ulike bedrifter og bransjar.

Dei som ikkje vert attvald til styret skal orienterast i forkant av generalforsamlinga.

Møteleiar takka for frammøte. Det vart servert mat før møtet.

Skrivar;

A handwritten signature in blue ink that reads "Birte Nilsen".

Birte Nilsen

Møteleiar;

A handwritten signature in blue ink that reads "Arnulf Ingvaldsen".

Arnulf Ingvaldsen

Underskrivar;

A handwritten signature in blue ink that reads "Liv Kari Eskeland".

Liv Kari Eskeland